



Fredag blir det truleg 20 grader i vatnet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### **Natta til fredag var den første tropenatta i Uskedalen i 2008.**

Det melder den truleg einaste som har ein avansert målestasjon i bygda – Knut Johannes Ripel i Myro. Hans utstyr registrerte at temperaturen var nede på 20,2 grader denne natta. Men det var enda varmare andre stader i bygda. Klokka 3 var temperaturen til dømes 23 grader på Neset. Dei tre føregåande nettene var minimumstemperaturen i Myro 13, 10 og 9 grader.

Når det gjeld badetemperaturen er sjølvsagt han på veg oppover – sakte men sikkert. Torsdag ettermiddag var det 19 grader i vatnet på Neset – og alt tyder på at han vil passera 20-talet fredag!

Av Ola Matti Mathisen